

Vedtekter for Sagvåg Bedehus

- \$ 1 Det er fyremålet med huset at det skal brukast til bøn og forkynning av Guds ord - både av læk og lerd, og til alle dei samkomer som kan fremja Guds rike mellom oss.
 - a) Misjonsmøter for alle kristne misjoner.
 - b) Kvindelagsmøte for alle som arbeider for misjon og andre kristelege yrkesgreiner.
 - c) Basarar og fester med same fyremål.
 - d) Gode foredrag til ålmen upplysning um ymse saker - t.d. fråhaldssak - diakonissesak - Vaisenhussak, o.l.
- \$2 Røysterett har alle kvinner og menn i krinsen som har interesse for, eller tek del i det kristelege arbeide i bygda - og som vedkjenner seg den evangelisk Lutherske trusvedkjenning og har fylt 20 år.
- \$3 Huset vert bygt og vedlikehalde av friviljuge gåvor og skal eige seg sjølv. Husstyret skal vera på fem - 5 - lemer som vert å velja millom truande kvinner og menn i krinsen. Styret vert valt på two år. Når fyrste året er gjenge, går two ut etter lutkast, seinare dei som har stade lengst.
- \$4 Styret vel seg imellom, formann, varaformann og kassastryrar. Styremedlemar kann segja frå seg attval, men berre for two år um gangen.
- \$5 Det er styret si uppgåva å sjå etter um huset- og syta for at vedtektena vert haldne. På årsmøtet skal styret gjea greia for den økonomiske stoda og gjeva melding um virksemdi i det farne året.
- \$6 For å bruka huset må ein ha lov av styret. Då kann det brukast for vanleg forkynnarpirksemad av kvinner og menn som held på den Evangelisk Lutherske truvedkjenning og dessutan kjende som pålitande, ærlige kristne.
- \$7 Hender det at huset ikkje lenger skal være bedehus vert det selt. Pengane gjeng til dei misjonar som enno finst av dei som har vore yrkja for i huset.
- \$8 Lovbrigde krev 2/3 fleirtal av dei som møter. Framlegg til brigde må være sendt til styret seinast two - 2 - månader fyr det vert teke endeleg avgjerd.

Sagvåg, den 26/1 1936